

«På lag med bygdi»

**KLUBBHANDBOK
for
Lærdal Idrettslag**



INNHALDSLISTE

Side 3	Kap 1. Kort om Lærdal Idrettslag <ul style="list-style-type: none">- <i>Grunnlagsopplysninger</i>- <i>Historikk</i>
Side 5	Kap 2. Misjon, visjon og verdigrunnlag <ul style="list-style-type: none">- <i>Misjon</i>- <i>Visjon</i>- <i>Verdigrunnlag</i>- <i>Etiske regler</i>
Side 8	Kap 3. Organisasjon, ansvar og mynde <ul style="list-style-type: none">- <i>Organisasjonskart</i>- <i>Årsmøte sitt ansvar og oppgaver</i>- <i>Styret sin funksjon og sammensetning</i>- <i>Valkomite</i>- <i>Grupper i fleiridrettslag</i>- <i>Barneidrett</i>- <i>Særgrupper i LIL</i>- <i>Medlemmar</i>- <i>Idrettsforsikring for barn</i>- <i>Klubbforsikring</i>- <i>Lærdal Idrettshall</i>- <i>Arrangement</i>- <i>Informasjon</i>- <i>Politiattest</i>
Side 12	Kap 4. Økonomi og rekneskap <ul style="list-style-type: none">- <i>Ansvar og mynde</i>- <i>Rekneskap</i>- <i>Medlemskontingent</i>- <i>Reklame/sponsoravtale</i>- <i>Løn og honorar</i>- <i>Køyregodtgjersle</i>- <i>Telefongodtgjersle</i>- <i>Arbeidsgiveravgift</i>- <i>Reiserekning</i>- <i>Meirverdiavgift</i>- <i>Økonomisk utruskap/varsling</i>- <i>Dugnad</i>- <i>Reglar for reiser</i>
Side 15	Kap 5. Profilhandbok for LIL <ul style="list-style-type: none">- <i>Profilen vår</i>- <i>Logo</i>- <i>Profilklede</i>- <i>Utstyrsleverandør</i>
Side 18	Kap. 6 Beredskapsplan for uønska hendinger <ul style="list-style-type: none">- <i>Hensikt</i>- <i>Rutinar/prosedyre/ansvar</i>
Side 20	Kap 7. Utviklingsplan
Side 21	Kap 8. Årlege faste oppgaver for styret og gruppestyra

KAP. 1 Kort om Lærdal Idrettslag

Grunnlagsopplysningar for idrettslaget

Navn: Lærdal Idrettslag
Stiftet: 1937
Idrett: Fleiridrettslag
Internettadresse: www.laerdal-il.no
Organisasjonsnummer: 983 043 194

Teken opp som medlem i Norges idrettsforbund (NIF):
Registrert tilknytning til Sogn og Fjordane Idrettskrins.
Registrert tilknytning til Lærdal Idrettsråd
Registrert tilknytning til Særforbund

Historikk

Lærdal Fotballklubb vart skip 20.mai 1937. Dette er forløparen for Lærdal Idrettslag. I det fyrste styret sat;

Per Hjermann, formann
Olaf Olsen
Alf Olsen
Johannes Kvamme
Per Offerdal

Det var nok ulike Idrettsaktivitetar i Lærdal før skipinga av Lærdal Fotballklubb. Mellom anna kjenner ein til at det var skipa til skiaktivitetar i Sluppen på 30-talet. I boka "Skiidrett i Sogn og Fj" - er det ei resultatlista frå eit slikt renn i Lærdal. Vidare veit ein at det var turngrupper i aktivitet. Fotballaktiviteten kom igang på 30-talet og laget vart skipa i 1937 med fotball som aktivitet.




Eldste bilete av fotball-laget - teke i 1938 på gamle fotballbana med kyrkja i bakgrunnen.
Framme f.v : Knut N Årethun , målmannen Sølfest Thomassen og Hans Hille.
Bak f.v : Hans Offerdal, Odd Forthun, Hallvard Hiller, Olaf Olsen, Jørgen Vee, Alf Olsen, Mattis Klingenberg og Johannes Kvamme.

«På lag med bygdi»

Aktiviteten i dei to åra før krigsutbrotet var truleg mindre enn 10 kampar i året. Etter krigen starta laget oppatt i 1945. I perioden 46-48 var det bra aktivitet med 10-15 kampar for året. Best var 1947-sesongen - då tok laget 8 singlar på 13 kampar.

I 1946 vart namnet til laget endra frå Fotballklubb til Idrettslag. Nye idrettar som kom til gjorde dette nødvendig. Dei nye idrettane var handball og ski. På 50-talet kom friidrett og skeiser med.



skipa 20. mai 1937
under namnet:
LÆRDAL FOTBALLKLUBB

Med i styret var:

Per Hjermannn, formann
Olaf Olsen
Alf Olsen
Johannes Kvamme
Per Offerdal

Aktivitet i skipingsåret var
3 fotballkampar:

Lærdal - Kaupanger	0-0
Kaupanger - Lærdal	2-2
Lærdal - Fjærland	2-0

I 1946 vart namnet endra til:
LÆRDAL IDRETTSLAG

KAP 2. Misjon, visjon, verdigrunnlag og etiske reglar

Misjon.

LIL skal være ein open og demokratisk organisasjon der formålet er å drive idrett organisert i NIF. Idrettslaget er sjølveigande og frittstående med berre personlige medlemmer.

Visjon

På lag med bygdi

LIL skal vere eit fleiridrettslag med som legge til rette for sunne gode aktivitetar og haldningar for alle aldersgrupper, på alle nivå for funksjonsfriske og funksjonshemma.

LIL skal vere ein viktig samfunnsaktør i Lærdal Kommune.

Verdigrunnlaget

Me legg følgjande til grunn for våre verdiar og haldningar;

Open – Ærleg - Lojal

Det er felles verdiar som skal vere godt forankra og vere godt synlege i alt arbeid i laget og skal;

- *Skape fellesskapsfølelse og godt miljø*
- *Skaper lojalitet og engasjement*
- *Skape meining og motivasjon*
- *Auke ansvarsfølelsen*
- *Vera miljømedvetne*
- *Ha høg kompetanse og handlekraftig*

Det dannar grunnlag for all kommunikasjon og samhandling både internt og eksternt i laget.

LIL vil arbeida arbeide for:

- *LIL skal være hovudaktør for utvikling av idretten til ein betydelig breidde- og konkurranseidrett i vårt lokalmiljø*
- *LIL skal være ein effektiv serviceytar for medlemmene og eit talerøyr overfor særforbund, idrettskrets, idrettsråd og lokale myndigheter.*
- *LIL skal ha medlemer og aktive som er stolte av å vere medlemer i laget og som gjev sitt bidrag for å nå LIL sin visjon.*

Etiske retningslinjer

Lærdal Idrettslag si oppgåve er å arbeide for at alle menneske får høve til å utøve idrett ut frå sine ønskjer og behov utan å verta diskriminert på grunn av livssyn, seksuell orientering eller etnisk bakgrunn.

Me, tillitsvald, aktive og føresette, er alle ansvarleg for at medlemmane sine interesser vert ivaretekne på ein god måte i laget. LIL sine etiske retningslinjer skal vera uttrykk for den etiske standarden som skal gjelde for alle i laget. Alle har eit sjølvstendig ansvar for eigne handlingar, og alle skal ta avstand frå – og kjempa i mot – uetisk praksis. Særleg om dette gjeld handlingar som krenkjer nokon eller gjev fordelar til nokon på ikkje rettmessig måte.

Vår visjon «På lag med bygdi» og våre verdiar gjeld alle våre aktivitetar. Me skal opptre og stå fram som ryddige i alle våre handlingar, med følgjande hovudpunkt;

Open

I LIL vil me ha ein open kultur der det vert lagt til rette for at alle medlemmar har påverknad, innsyn og forstår vegval som vert gjort.

Ærleg

I LIL vil me opptre opent, ærleg og rettskaffent i møte med andre lag, konkurrentar, samarbeidspartnarar og kvarandre.

Lojal

I LIL vil me halda lover og retningslinjer som gjeld for idrettslaget, og forholde oss lojalt til vedtak og val som er gjort.

Habilitet og rollar

I LIL vil me opptre upartisk og praktisera likebehandling. Idrettslaget sine interesser og personlege interesser skal ikkje blandast.

Kritikkverdige forhold

I LIL vil me varsle om kritikkverdige forhold til nokon som kan hjelpe til at forholde vert retta opp. Den som er varsla har ansvaret for å undersøkje og følgje opp saka.

Fortruleg opplysning og informasjon

I LIL vil me handsama alle personopplysningar fortruleg. Melding om kritikkverdige forhold knytt til namngitte personar vert rekna som personalopplysningar, og skal handsamast fortruleg.

Mobbing og diskriminering

I LIL vil me arbeide imot ein kvar form for diskriminering og forventar at alle medlemmar støttar opp om dette.

Rusmiddel

I LIL vil me at alle arrangement for born og unge under 18 år skal vera rusfrie. Deltaking på arrangement der det er tilgang til rusmiddel skal følgje norsk lov

«På lag med bygdi»

og sikre trygg deltaking for born og unge. Med rusmiddel meiner ein alkohol, narkotika og dopingmiddel.

Spesielt om mobbing

Mobbing skal ikkje akseptert. LIL har null toleranse mot alle former for mobbing. Dette gjeld også mobbing på nett og sosiale media. Trenarar, tillitsvalde og utøvarar som får kjennskap til mobbing melder frå til styreleiar, som så avgjer kva som vert gjort vidare.

Spesielt om seksuell trakassering

Idretten tiltrekker seg dessverre personer som ikkje kjem til pga idretten, men for å finne lette offer for sine eigne laster. Dette er saker som kan vere svært vanskeleg å handtere, men skal ikkje av den grunn oversjåast.

Sida under gjev retningslinjer som kan være til hjelp;

<http://www.idrett.no/ftp/pdf/brosjyreseksuelltrakassering.pdf>

Spesielt om alkohol

Idrettens haldningar til alkohol er vedtatt av Idrettstyret 16. mars 2004, sak 54;

- 1. Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité skal framstå som ein organisasjon som arbeider mot bruk av alkohol i idrettslig samanheng. (NIFs lov §11-2 g)*
- 2. Barn og unge som deltek i aldersbestemte klasser (under 18 år) skal møte et trygt og alkoholfritt idrettsmiljø. Trenarar, leiarar og utøvarar skal framstå som gode førebilete for barn og unge og ikkje nyte alkohol i samvær med aktive i denne alder.*

KAP 3. Organisasjon, ansvar og mynde

Organisasjonskart

ÅRSMØTE I LIL	
HOVUDSTYRE	
<u>Styret i hovudlaget/arbeidsutvalet:</u>	
Leiar	
Nestleiar	
Kasserar	
Sekretær	
Styremedlem	
Styremedlem	
1.varamedlem	
2.varamedlem	
<u>Styremedlemmer frå gruppene:</u>	
Fotball	
Handball	
Innebandy	
Friidrett	
Skeise	
Turn og barneidrett	
Ski	
Syming, kontaktpers.	
<u>Særidrettsgrupper</u>	
Fotball	
Handball	
Innebandy	
Friidrett	
Skeise	
Turn og barneidrett	
Ski	

Kjønnsfordeling: "Det skal være minst 2 representantar for kvart kjønn i styret , råd, utval med meir enn 3 medlemmer. I styret, råd og utval som består av 2 eller 3 medlemmer, skal begge kjønn være representert" Jf. Idrettslagets lov § 5

Årsmøte sitt ansvar og oppgaver

Årsmøte sine mandat, plikter og oppgaver er;

- ✓ Årsmøtet er LIL si høgaste myndighet.
- ✓ Årsmøtet vert helde ein gang i året, i mars månad, som fastsatt i loven.
- ✓ Protokollen frå årsmøtet vert sendt til Sogn og Fjordane Idrettskrins. Protokollen kan leggest ut på LIL sine internettsider.
- ✓ Innkalling til årsmøtet skal skje 1. månad før årsmøtet vert helde.
- ✓ Innkalling annonserast på nettet og/eller i aktuell avis
- ✓ Innkomne forslag skal være styret i hende 2 veker før årsmøtet og sakspapira skal gjerast kjent 1 veke før.
- ✓ Årsmøtet er for medlemmer i klubben, dvs. dei som har betalt medlemskontingenten. Foreldre/forsette har ikkje fullmakt til å stemme for medlemmer under 15 år.
- ✓ Årsmøtet legg grunnlaget for styret sitt arbeid og alle som ynskjer å bli med å bestemme korleis LIL skal drivast bør stille på årsmøtet.
- ✓ Årsmøtet skal gjennomførast slik det er fastsatt i lovas årsmøteparagraf § 13, 14, 15 og 16.

Styrets sin funksjon og samansetning

Årsmøtet bestemmer styrets samansetting. Styrande for styret sitt arbeid er gitt i Lov for Lærdal idrettslag, med seinare endringar, seinast av 03.03.2015 godkjend av Sogn og Fjordane idrettskrets(dato/år).

Følgjande funksjonar og oppgaver er veiledane for arbeidet i styrer. Det er ikkje noko i vegen for at styremedlemmene kan veljast til spesifikke oppgaver.

Styret skal:

- Planlegge og ivareta LIL si totale drift, mål- og strategiarbeid, budsjett og rekneskap samt oppgaver nedfelt i §1 i NIFs lover, lovnorm for idrettslag. Styret har ansvar for at det er retningslinjer for aktiviteten i laget.
- Gjennomføra vedtak fatta av årsmøte eller andre overordna idrettsmyndigheter
- Stå for LIL si daglige leiing, og representere laget utad
- Disponere lagets inntekter (tilskot, kontingent o.a.) og fordele disse etter plan og godkjent budsjett
- Sette ned komitear og utval etter behov, og utarbeide instruks for disse.

Leiar

- Er LIL sitt ansikt utad, og LIL sine representantar i møter og forhandlingar, om ikkje styret har utpeika nokon andre.
- Står for LIL si daglige leiing, koordinerer styrets og LIL sin totale aktivitet
- Innkallar til styremøter, forbereder saker og leiar møta.

Nestleiar

- Fungere som leiar under leiaren sitt fråvær, og bør derfor være valt med tanke på at han/ho kan rykke opp som leiar på eit seinare tidspunkt.
- Saman med leiar utgjer desse eit leiarteam.
- Har elles definerte oppgaver, på same måte som eit ordinært styremedlem

«På lag med bygdi»

Sekretær

- Føre referat over alle styremøter og medlemsmøter
- Laga møteplan i samsvar med heile styret, distribuere denne til alle styremedlemmer.
- lage oversikt over styret sine medlemmer, og sende det ut til alle medlemmene.

Kasserer

- Disponerer LIL sine midlar og har fullmakt til LIL sine bankkontoar
- Har kjennskap til kontoplan og fører rekneskap i samsvar med denne. (<http://www.idrett.no/ftp/Lover/doc/kontoplan.htm>).
- Tilvise utbetalingar saman med leiar.
- Til ei kvar tid ha oversikt over LILL sin økonomiske situasjon.
- Sette opp resultatrekneskap ved sesongslutt og sende dette revisjon før årsmøtet.
- LIL sitt hovudrekneskap vert ført av Økonomiservic AS.

Styremedlemmer

- Møter på styret sine møter
- Vert tildelt konkrete oppgåver etter styrevedtak.
- Kan være valt til særskilte oppgåver, som t.d. informasjon/web, sponsoransvarlege, materialforvaltar og liknande.

Revisorar

- Revisor skal vurdere om årsrekneskapet er utarbeida og fastsatt i samsvar med idrettens rekneskaps- og revisjonsreglar, og om styre har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversikteleg registrering og dokumentasjon av rekneskapet i samsvar med desse reglane
- Korleis revisjon skal utførast er å finna i NIF's lov kap.4 eller på <http://www.lovdatab.no/nif/hiff-20071128-0002.html#map004>

Valkomité

Valkomiteen har en viktig rolle for å sikre drift av klubben gjennom å finne personer med rett kompetanse til styret.

Valkomiteen plikter:

- *å diskutere med styret om moglege endringar i styret sin samansetning,*
- *å halde seg informert om, og diskutere med, medlemmene om ulike kandidatar for styreoppdrag, og såleis få greie på om ønska personar har kunnskap, tid og interesse for oppdraget.*
- *før årsmøtet, på det tidspunkt vedtektene bestemmer, levere skriftlig forslag på kandidatar som skal leggest fram på årsmøtet,*
- *under årsmøtet å presentere valkomiteens forslag.*

Grupper i fleiridrettslag

LIL er eit fleiridrettslag med grupper med eige styre. Sakspapir og protokoll frå LIL sine styremøte vert gjort kjent for kvar gruppeleiar. Gruppene kan sende inn saker til

«På lag med bygdi»

styret som dei ynskjer handsama. Styret skal halde minst 2 fellesmøter med gruppeleiarane i året. Styret vurderer samarbeid, om aktivitet og sosiale tiltak, med andre grupper

Barneidrett

Er organisert i lag med turngruppa, med felles styre og rekneskap.

Fram til 4.klasse skal barneidretten omfatta alle idrettar som særgruppene driv.

Barneidretten har eit særleg ansvar for å inkludera av born med funksjonshemmingar.

Særgrupper i LIL

Kvar særgruppe har ansvar for aktivitet og dagleg drift av gruppa og vedlikehald av sine særansvar der ikkje kommunen er ansvarleg.

Medlemmar

Medlemskap i LIL er fyrst gyldig og regnast frå den dag kontingent er betalt. For å ha stemmerett og være valbar må eit medlem ha vore tilslutta LIL i minst 1 månad og ha betalt kontingent.

Medlemskap i LIL kan opphøyr ved utmelding, stryking eller eksklusjon.

Utmelding skal skje skriftlig og får verknad når den er mottatt. Ein medlem som skuldar kontingent for meir enn eit år kan strykast. Medlem som er storken kan takast oppatt som medlem når skuldig kontingent er betalt. Om medlemmen skuldar kontingent etter to år, skal medlemskapet bringast til opphøyr frå LIL si side.

Ved innmelding bør medlemmene fylle ut eit skjema med namn, fødselsdato, adresse, e-post, mobilnr. Namn på forsette. Dette for å få et bra og oversiktlig medlemskartotek.

LIL sine særgrupper skal levere medlemsoversikt til medlemsansvarleg.

Medlemskontingent vert sendt ut frå LIL sin hovudkasserer, ingen særgrupper sender ut egne rekningar.

Betaling av medlemskap (Det må vise i rekneskap at æresmedlemmer har betalt medlemskap, korleis dette ordnes er opp til årsmøtet/styre å bestemme)

Idrettsforsikring for barn

Alle barn som er medlem av lag tilslutta NIF eller som deltek i organisert aktivitet i LIL sin regi er forsikra til dei vert 13 år, sjå

<http://www.idrett.no/tema/barneidrett/idrettsforsikring/Sider/default.aspx>

Klubbforsikring

Saman med If har NIF utviklet ein eigen klubbforsikring som er tilpassa LIL sin trong for forsikring. Lagsforsikringa inneheld dei viktigaste forsikringane eit idrettslag treng.

<http://www.idrett.no/tema/klubbguiden/Sider/Klubbforsikring.aspx>

Lærdal Idrettshall

Styret i LIL fordeler tider og tidspunkt for bruk av idrettshallen etter innspel i frå særgruppene. Det skal takast mest omsyn til dei yngste gruppene ved tildeling av

«På lag med bygd!»

tider. HMS-reglane for bruk av hallen skal gjennomgåast kvart år i lag med kommunen

Arrangement

Fleire av særgruppene har faste årlege arrangement. Dette går fram av kvar gruppe sin handlingsplan.

Informasjon

Idrettslaget informerer medlemmene via nettsida som har adresse: www.lærdal-ll.no og Facebook. Gruppene er ansvarleg for informasjon om sine aktivitetar

Politiattest

Politiattest skal krevjast av personer som skal utføre oppgåver for LIL som inneberer eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming. Med mindreårige meinas barn og unge under 18 år.

Personer under 18 år skal også ha politiattest. Den nedre grense er 15 år.

Dei som ofte køyrer andre sine barn skal alle levere politiattest til eller den som har oppgåva i laget. Trenere, oppmenn, foreldre som er med på turneringer som leiarar må alltid ha leveert politiattest. Det er betre å ha for mange attestar en for lite.

Det er berre LIL sitt hovudstyre som kan krevje politiattest, ikkje grupper eller utval i laget. Idrettslaget sitt hovudstyre skal nemne opp ein person som er ansvarlig for handtering av saker knytt til politiattester, samt ein vararepresentant. Begge kjønn skal være representert. Oppnemninga av de to representantane skal skje i et styremøte og det må protokollerast. Namna på dei to personene skal stå på heimesida til idrettslaget saman med telefonnummer og/eller e-postadresse der desse kan kontaktast. Begge representantane har teieplikt overfor uvedkommande i forhold til de opplysningar de får kjennskap til.

Idrettslaget kan når som helst kontakte NIF for råd og rettleiing i disse sakene på telefon 800 30 630 eller på e-post til politiattest@idrettsforbundet.no.

<http://www.idrett.no/tema/politiattest/Sider/omordningen.aspx>

KAP 4. Økonomi og rekneskap

Ansvar og mynde

- ✓ Styret er juridisk ansvarlig for lagets økonomi
- ✓ Styret er ansvarlig for å sette opp budsjett før årsmøtet.
- ✓ Alle betalte faktura skal vera attestert av 2 personer, den som har bestilt vara og leiar.
- ✓ Det skal teiknas underslagforsikring for dei som disponera kontoane.

Rekneskap

Styret er ansvarlig for økonomien, ikkje gruppeleiarar, eller andre i klubben. LIL skal føre eit rekneskap der kvar gruppe er ei avdeling i rekneskapet, dette i samsvar med rekneskapslova.

Alle inn og utbetalingar skal gå gjennom klubben sin konto, det er ikkje lov å sette pengar som tilhøyrar LIL sine medlemmer inn på personlege kontoar.

Alle egedelar og startavgifter skal betales gjennom klubben. Når en reiser med eit lag kan det betales ut forskot til lagleiar, han skal då levere inn reiseoppgjer og kvitteringer for brukte pengar. Det skal leverast reiserekning/utleggskjema med kvitteringar for å få att det som er lagt ut.

Medlemskontingent

Medlemskontingenten vert fastsett på årsmøtet som eigen sak jamfør lov §4. Medlemskontingent skal betales for kvart enkelt medlem, familiemedlemskap vert regna som ei rabattordning og kvart enkelt medlem må framleis registrerast med namn og betalt beløp då revisor skal kontrollere medlemslister mot reneskap.

Reklame/sponsoravtaler

Alle sponsor avtaler skal godkjennast av styret, ei gruppe kan ikkje inngå egne avtaler utan godkjenning frå styret, eller den som styre har delegert denne oppgåva til.

Løn og honorar

Det kan betalast ut kr. 8000,- til enkelt person i løpet av eit år utan å trekke skatt (gjelder for år 2015).

Køyregodtgjersle:

Dersom det betalast ut køyregodtgjersle eller andre godtgjersle skal det leverast køyreliste og kvittering for utgifter. Kjem summen samla over kr.10 000,- skal det innberettas til skatteetaten.

Telefongodtgjersle

Inntil kr. 1000,- er skattefritt.

Arbeidsgjevaravgift

Det er fritak for arbeidsgivar avg. opptil kr. 50.000,- pr person pr år. Men ein kan ikkje overstige eit samla beløp på kr. 500.000,-, Det vil si at ein kan ha 10 tilsette som vert betalt med inntil kr. 50.000,- pr. år.

Reiserekning

Krav til reiserekning:

- Reiserekning skal innehalde:
 - ⇒ namn, adresse, fødselsdato, bankkonto.
 - ⇒ til og frå og dato for kvar enkelt reise
 - ⇒ føremål med kvar enkelt reise
 - ⇒ dersom diett må klokkeslett (avreise/ankomst) oppgjervast.
- Vedlegg til reiserekninga (kvitteringar):
 - ⇒ originalkvitteringar skal alltid leggest ved
 - ⇒ kopier/skanning av kvitteringar vert ikkje godkjent

Meirverdiavgift

LIL er so langt avgiftspliktig. Dette er no under vurdering.

- Grense for meirverdiavgiftsplikt:
 - Meirverdiavgiftspliktig omsetning på over kr 140 000 på 12 månadar
 - I fleiridrettslag vil kvar sjølvstendig gruppe kunne søke fylkesskattekontoret om å få bli sjølvstendig avgiftsobjekt. Gruppa må då ha eige årsmøte og styre.
- Pliktig verksemd
 - Kioskverksemd der ein har faste, daglige opningstider
 - Serveringsverksemd ved regelmessig offentlige dansetilstillingar osv
 - Omsetning som er av eit profesjonelt preg
 - Tilstellingar/dugnadar som varer meir enn 3 dagar
 - Sponsor, arenareklame og annonser (dersom tidsskriftet kjem ut meir enn 4 gonger pr år)
- Fri verksemd
 - Billettinntekter
 - Vanlige medlems- og startkontingentar
 - Offentlige tilskot
 - Lotteriinntekter og bingoinntekter
 - Gåver
 - Kiosk sal på eigne arrangement.
 - Sal av program i forbindelse med arrangement.

Økonomisk utruskap/varslingsplikt

Inntekter på kiosksal, startkontingentar, arrangementsinntekter m.m. skal som hovudregel teljast opp av to personar. Overskotet skal settast inn på vedkomande særgruppe sin bankkonto i Indre Sogn Sparebank.

Dersom det er mistanke om noko ureglementert skal leiar varslast utan opphald.

Dugnad

Årsmøtet /styret/gruppestyra i LIL kan oppmode medlemmer om å stille på dugnad der dette er ein føresetnad for at aktiviteten skal kunne gjennomførast.

Særgruppene i LIL kan fastsette treningsavgift for aktive medlemmer i tillegg til årskontingent som årsmøtet bestemmer.

Reglar for reiser

Formål

- Reiser og opphald til og frå turneringar, samlingar o.l er ein del av idretten
- Skape trygghet for føresette som overlét barn og unge i LIL si varetekt.
- Vere trygg på at leiarane er gode føredøme og tek vare på deltakarane.

Omfang og forutsetningar

- Reglane gjeld for alle reiser i samband med kampar, turneringar og treningsleiarar med overnatting der aktive under myndighetsalder deltek.
- Reiser som omfattast av disse reglane er å sjå på som alkoholfri sone for aktive og leiarar frå avreise til heimkomst.
- På alle reiser i regi av LIL skal det utpeikast ein ansvarleg hovudleiar som har ansvar frå avreise til heimkomst.
- Der det er fleire lag som deltek skal kvart lag ha med seg min. 2 leiarar inkl. trener/lagleiar. Ein av leiarane skal være av same kjønn som deltakarane på laget. Leiarane har ansvar for sitt lag eller gruppe.

Hovudleiar

- Framfor lengre reiser eller lengre opphald kan det haldast informasjonsmøte for foreldre/føresette før avreise. Informasjon kan også vere skriftleg.
- Oppdatert deltakarliste med heime telefon nr. på alle deltakarane skal leverast til leiar/gruppeleiar .
- Det skal haldast orienteringsmøter for alle leiarane før og under opphaldet, Leiarane skal vere kjent med denne instruks.
- Det er viktig at pårørande føler seg trygge for sine born. Det er også viktig at deltakarane får ei god og trygg sosial og sportsleg oppleving.

Aktuelle telefon nr. er til dømes;

- Leiar styret
- Gruppeleiar
- Evt andre kontaktpersonar som vert gjort kjent for føresette

KAP 5 Profilhandbok for LIL

Profilen vår

Den visuelle profilen er vårt ansikt utad. Formålet med profilhandboka er å skape eit felles grunnlag og reglar for alle klubben sine medlemmar og undergrupper, og forståelse i forhold til korleis klubben skal profilere seg.

Det er viktig at alle gruppene i LIL er samla om profilen til laget, dette vil virke positivt utad og styrke samholdet i laget.

Logo

Logoen består av teksten LÆRDAL IL med stiftelsesåret 1937 og fjella under. Logoen har raud skrift med kvit bakgrunn. Logoen er oval med raud ring rundt.



Logoen kan brukast i svart/kvit farge.

Typografi/farge

Lærdal IL er trykt med store bokstavar i logoen. PGP har oversikt over skriftstypen. Logo farge er raud pms 485.

Tilleggslogo - «På lag med bygdi»

I tillegg til hovudlogoen har LIL ein tilleggslogo som seier «på lag med bygdi». Denne bør brukast der det er mulig.



Profilklede

Klubbdrakt:

Klubbdrakta skal ha raud jakke og blå bukse

Klubbgensar - vanlig gensar og hettegensar:

Klubbgensar vil vere vanleg gensar med rund hals og hettegensar.

Klubbgensaren skal vere raud

Spelardrakter:

Spelardrakter skal ha raud overdel, kvit shorts og raude sokkar. Fotballdrakter og handballdrakter skal vere like.

«På lag med bygdi»

Trenarjakker:

Trenarar kan ha svarte trenarjakker.

LIL logo på klubbdrakter, gensarar og spelardrakter

LIL logo og «På lag med bygdi» skal plasserast på ryggen på klubbdrakter og klubbgensarar. På spelardraktene skal LIL logoen plasserast på framsida av drakten.

Sponsorlogo på klubbdrakter/gensarar/spelardrakter

Logo/navn til alle hovudsponsorane skal trykkast på framsida av klubbdrakter, klubbgensarar og alle spelardrakter til fotball/handball.

Profilklede laga for enkeltarrangement, f.eks t-shirts til Storehaugen opp/Veterancupen, må ha logo/namn til alle hovudsponsorane trykt på.

Utstysleverandør

Umbro er LIL sin utstysleverandør.

KAP 6. Beredskapsplan for uønska hendingar

Hensikt

Prosedyren har som hensikt å sikre at alle skal vera best mogeleg forberedt til å møte alvorlege kriser, ulykker eller andre typar uønska hendingar. Alle tillitsvalde og leiara skal vera informert om beredskapsplanen, slik at varslingsrutiner og sjekklister vert følgt når ein situasjon oppstår.

Rutinar/prosedyre/ansvar

1. Akuttfasen: Varslingsplan ved kriser, ulykker og dødsfall

- Den som først blir merksam på ulykka har ansvaret for å melde frå
- **NB! Sett i gang førstehjelp om nødvendig!**
- Ring først: **Ambulanse 113**
 - Når du varslar, husk
 - a. Kven du er
 - b. Kva har skjedd
 - c. Kvar har dette skjedd
 - d. Kor mange er skadd/omfanget av skaden
- Ring deretter: **Leiar i idrettslaget**
 - Som har ansvaret for eksternt varsling til **Politi 112** og **Arbeidstilsynet 81 54 82 22** og varslar dei øvrige i kriseleiinga

2. Operasjonsfasen: Kriseleiing

Kriseleiing:

Tittel/namn	Tlf jobb	Tlf mobil
Leiar – Hallvard Thomassen		995 78 118
Nestleiar – Trine Grøtnebø		922 23 874
Kasserar – Jarle Offerdal		908 68 596
Aktuell gruppeleiar – Sjå liste på nett		

- Leiar kallar saman kriseleiinga
- Leiar har i samråd med politi ansvar for all informasjon internt og eksternt
- Leiar har saman med kriseleiinga ansvaret for iverksetting av særlege omsorgstiltak i sjølve krisesituasjonen og i løpet av påfølgande dagar på vegne av idrettslaget
- Kriseleiinga skal ;
 - Varsle og orientere eventuelt pårørende
 - Vurdere oppretting av kriseteam med bistand frå kommunen
 - Vurdere oppretting av telefon for pårørende
 - Vurdere og eventuelt involvere sosialtjeneste, prest e.l.
 - Informere aktive/grupper

3. Oppfølgingsfasen: Etterarbeid

- Kriseleiinga vurderer om det er naudsynt med oppfølging evt. etterarbeid i kvart enkelt tilfelle.
- Krisetemaet (evt. kriseleiinga) er ansvarleg for etterarbeidet;
 - Legge opp arbeidet vidare, organisering/gjennomføring av tiltak
 - Gje informasjon etter behov, i minuttts stillhet, minneprotokoll m.m.
 - Organisere minnestund
 - Tilrettelegging for tid til å snakke med dei tilsette
 - Orienterer om kva som skjer vidare
 - Kontakte ekspertise etter behov
- Leiar vurderer evt. forsikrings-/erstatningsansvar
- Leiar skal;
 - Lede organisering av minnestund
 - Inviterer pårørande
 - Sørge for blomsterhelsing
- Kasserar skal registrere skade, evt. dødsfall og melding til andre instanser

KAP 7. Utviklingsplan

Mål med utviklingsplan

Hovudmålet med utviklingsplan er å sikre at heile organisasjonen jobbar mot dei målsetningane som årsmøtet til ein kvar tid sett for laget.

Hovudmål

LIL skal vera den beste klubben på å inkludere heile bygdi

Konkrete delmål

- Skal dei neste 3 åra auke medlemstalet til 700.
- Skal være open for alle og drive med idrett for alle
- Skal ikkje spesialisere utøvarar før dei er 12 år.

Det er i det vidare arbeidet valt å arbeide med følgjande fokusområder;

Mål: Betre samarbeid mellom særgruppene.

Tiltak:

1. *Utarbeide felles aktivitetsplan for alle særegrupper*
2. *Utarbeide reglar og rutinar for gruppene*
3. *Utarbeide profilhandbok for heile laget*
4. *Betre samhaldet og miljøet i laget*

Mål: Godt omdømme, gode haldningar og språk.

Tiltak:

1. *Utarbeide etiske retningslinjer for LIL*
2. *Implementere etiske retningslinjer for LIL*

Mål: God rekruttering av tillitsvalde og aktive i særgruppene

Tiltak:

1. *Kartlegge fråfallet blant 12-15 åringane*
2. *Rekruttere fleire trenarar og ressurspersonar til gruppene*
3. *Utdanne fleire for å få formell kompetanse*
4. *Kursing av styre og gruppestyra*

Mål: Betre marknadsføring av aktivitet og arrangement

Tiltak:

1. *Laga aktivitetsoversikt*
2. *Marknadsføring av aktivitetane/gruppene*
3. *Marknadsføring av arrangement*

Bruk av utviklingsplan

LIL sin utviklingsandlingsplan skal vere ei "levande" plan. Endringar eller tillegg i plana skal fangast opp mellom årsmøta eller medlemsmøte der dette er tema og meldast inn til leiar. Endringane vert då registrert og lagt fram på først komande årsmøte til avgjerd

KAP 8. Årlege faste oppgaver for styret og gruppestyra

Januar	Gjennomføre den årlige lovpålagte idrettsregistreringa januar Avslutta rekneskapan for forrige år
Februar	Gjennomføra årsmøte i gruppestyra Gjennomføre årsmøtet i samsvar med LIL si lov
Mars	Gjennomføre årsmøtet i samsvar med LIL si lov Rapportere endringar av post og e- postadresser
April	Oppdatere nytt styre på same stad som idrettsregistreringen
Mai	Gjennomgang av halltider
September	Gjennomgang av HMT-rutinar i hallen
Oktober	Medlemsmøte med evaluering av utviklingsplan Søke kommunale midlar sjekk med kommune for søknadsfrist